

15/2312

19-October-2015

Til

Lindås Kommune

Planavdelinga

LINDÅS KOMMUNE	
Klassering	
19. 10. 2015	
Ark. saksnr.	Løpenr.
Sakst.	Tilgangskode

18.10.15

Klage på vedtak i sak 132/15, frådeling av bustadhus frå gnr. 44 bnr. 8, pr. 30.09.15

Eg viser med dette til vedtak i plan- og miljøutvalet, 132/15, der søknaden min om å få skilje i frå bustadhus på gnr.44 bnr. 8 ikkje vart godkjend, og eg ynskjer med dette å klage på vedtaket.

Lindås kommune grunnjev avslaget med at det ikkje ligg føre nok overvekt av positive argument for frådeling, noko eg meiner er feil vurdering.

Eg har teke ei avgjerd om å selja garden eg overtok/kjøpte hjå far min i 1981. Dette var inga lett avgjerd, men då min eigen livssituasjon gjer at eg ikkje lenger ynskjer å driva garden, og eg meiner at landbruket skal ha ei framtid, vert det rett for meg å selja. Barna mine ynskjer heller ikkje å overta drifta av garden, og alternativet vert då at om eg ikkje sel til andre som kan driva garden vidare, så vert den liggjande brakk.

Før eg kan gå i gang med sal av garden er det avgjerande for meg at eg får skilje i frå hus nr 2. Dette fungerer i dag som kårhus for far min på 86 år, og garden har eit anna hovudhus. Det er viktig for meg å oppretthalde kåret, for dette vil gje avgjerande tryggleik og stabilitet for min far. Samstundes har eg to barn som ynskjer å behalda kårhuset i familien, om dei/eller eg skulle ha ynskje om å bu der i framtida.

Eit anna argument for at det vil vera positivt for gardens framtid er at kjøpesummen vil verta lågare med kun eit hus på bruket, og med dette lettare for yngre som er interessert i å kjøpa garden. Det er allereie fleire yngre "framtidbønder" som har vist interesse, og dei opplever det som positivt at kårhuset skal skiljast i frå.

Det er viktig at salet av garden kjem raskt i gang, for å sikre framtidig drift. Driftsbygning er i dag godkjent for storfedrift utan endringar fram til 2034. Men det fordrar at det er kontinuerlig drift, for at ikkje nye forskrifter for lausdrift skal tre i kraft frå dag 1, og dermed føra til behov for større investeringar. Det seier seg sjølv at ei så stor investering kan verka avskrekkande på potensielle, spesielt yngre, kjøparar.

Garden sin verdi som landbrukseigedom vert ikkje forringa ved å skilja i frå kårhuset slik det ligg plassert. Det er og enkelt å laga ny veg til kårhuset, slik at ny tilkomst vert avskild frå gardstunet.

Ved eit eventuelt sal av kårhus i framtida, til andre enn egne barn, så kan gnr 44, bnr 8 få forkjøpsrett.

Eg ynskjer synfaring frå Lindås kommune, for å synleggjera korleis eg ser for meg at dette kan la seg løysast til beste for gardens framtid.

Med helsing


Kjell-Bjarne Wergeland